


Årsmelding Bjørn West IL 2022



Til medlemmane i Bjørn West idrettslag

Kjetland 12.02.2023

Innkalling til årsmøte i Bjørn West idrettslag

Styret kallar hermed inn til årsmøte i idrettslaget. Årsmøtet vert halde på :

Matre Skule, 12.mars, klokka 17.00.

Saker som eit medlem ynskjer å ta opp på årsmøte, må sendast styret seinast 06.03.2023, på e-post asmundkjetland@hotmail.com.

For å ha stemmerett må medlem ha fylt 15 år, vore medlem i laget i minst ein månad, og ha betalt kontigenten. Medlemmar under 15 år har møte - og forslagsrett. For meir informasjon om stemmerett, forslagsrett mv, sjå idrettslag lov §5 til §8.

Premieutdelinga til dei som har delteke på aktivitetar gjennom året, vert gjennomført like etter gruppene har lese opp sine årsmeldingar. Etter dette vil det vere ein vaksen i gymsalen, der born/ungdom kan boltra seg resten av årsmøte (som eit alternativ til dei andre sakene på lista).

Det vert enkel servering, men godt likevel 😊

Velkommen til årsmøte!

Med helsing

Styret i Bjørn West IL

Sakliste

1. Godkjenning av stemmeberettiga.
2. Godkjenning av innkallinga, sakliste og foretningsorden.
3. Velgje møteleiar, skrivar, samt to medlemmar til å skriva under protokollen.
4. Årsmeldinga til idrettslaget, også gruppene sine årsmeldingar.
5. PREMIEUTDELING
6. Behandla idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.
7. Behandla forslag og inkomne saker.
8. Fastsetjing av medlemskontigent.
9. Vedta IL BW sitt budsjett.
10. Behandla idrettslaget sin organisasjonsplan.
11. Idrettsbua
12. Val

Årsmelding frå styret

Styret i BW idrettslag har i 2022 bestått av:

Åsmund Kjetland – leiar

Ståle Daae – nestleiar og leiar friidrettsgruppa

Magnhild Rørtveit - kasserar

Bente Håvåg - leiar fjelltrimgruppa

Jan Helge Olsen – leiar symjegruppa

Frode Andersen – leiar trimromgruppa

Liv Øydis - skisentergruppa

Helga N. Matre – styremedlem og leiar Skigruppa

Emma Julie Dyrhovden – styremedlem

Hei! Då kjem det årsmelding frå styret, med ny leiar i spissen; Åsmund Kjetland. Heldigvis har eg erfarne Ståle Daae, lett tilgjengeleg, når det er naudsynt.

Styret har hatt fire styremøter. Ei sak som har fått ekstra fokus dette året, er idrettsbua på Matre. Den har vore i dårleg forfatning lenge, og treng utskiftning. Me har brukt ein del tid på å hente inn anbud, søkt mot kommune/fylke og teikna skisser. Me håpar på å starta arbeidet med den nye bua i 2023, noko som vert spanande og so me gler oss til.

Lysa på fotballbana er pr. dags dato OK. Me må vurdera vidare kva som er best ordningar her. Om det skal bytast ut til LED, eller forsetja å skifta lyspærer, etterkvart som dei ryk.

Magnild ynskjer å “pensjonera” seg frå idrettslaget, frå innsatsen som kasserer, etter om lag 20 år. Solid arbeid. Total rekneskap tek over rekneskap for BW idrettslag.

Etter covid 19, har det vore kjekt å halde arrangement etter normalen att. Dette vil de få høyra meir om, frå dei aktuelle gruppene.

Leiar Åsmund Kjetland –Kjetland 10.02.2023

Årsmelding fra Svømmegruppen for året 2022

Svømmegruppen har i 2022 bestått av følgende personer:

Leder: Jan-Helge Olsen

Medlem: Eva Louise Solheim

Året 2022 Har vært et bra år med tanke på at det ikke har vært korona restriksjoner. Høst sesongen begynte litt sent på grunn av bassengtilsynet stengte bassenget til nye rutiner/varslingplaner ble dokumentert. Og når det var på plass så var det en defekt pumpe som hindret åpningen av bassenget. Bassenget skulle åpnet søndag 2 oktober, men ble utsatt til 17 oktober.

Aktivitet

Svømmegruppen planlegger og driver vanligvis aktivitetene i bassenget, slik som:

Legger til rette for merketaking, etter oppnådd merke leveres disse ut med en gang.

Setter opp og fordeler vaktliste for offentlig bading

Livredningskurs for ca 60 personer

Innkjøp, oppgradering og vedlikehold av idrettslagets eiendeler i bassenget

Kontakten med Norges svømmeforbund

Merketaking

Det finnes merker i de fleste valører ved bassenget, etter oppnådd merke, deles disse gratis ut til våre medlemmer, for øvrig selges de for kr 50.- pr. Merke.

Antall badende: 2022	Jan	Feb	Mars	April	Okt	Nov	Des	Sum
Barn	49	80	184	33	63	99	47	555
Voksne	35	43	36	13	42	59	34	262
(+56) Vakter				(318)				

Årsmelding – skigruppa – 2022

Medlemar i skigruppa 2022:

- William Løland
- Kathrine Storsæter
- Mathijs van der Welt
- Andreas Solheim Haugsvær
- Arne Kvamsdal
- Helga Nyhavn Matre, leiar

Skigruppa hadde i 2022 ein sesong med varierte snøforhold. Snøen kom, og snøen gjekk fort vekk igjen i periodar. Difor var det viktig å nytta forholda når dei fyrst var der. Gruppa hadde som mål å gjennomføre 5 renn, 4 telenorkarusellar og eit klubbmesterskap på slutten av sesongen. Det fyrste rennet, 19.01.2022. blei avlyst, då det ikkje var nok snø. Ellers gjekk alle renna som planlagt.

Me erfarte at det var viktig å kunne vere fleksible når det gjeldt å gjennomføre renna, då snøforholda var veldig variert.

Oppkjøring av spor:

I vekene med snø har gruppa kjørt opp spor tre dagar i veka, onsdag, laurdag og søndag. Dette har gruppa annonsert med bilete og informasjon om på facebook-gruppa til stor glede for dei skiglade. Dette vil me fortsetje med.

Det har innimellom vore vanskeleg å lage gode spor, men me ser fram til den dagen me har nytt utstyr i løypa som vil fungere betre.

Gjennomførte renn:

- Avlyst skirenn 19.01.22. pga snømangel. 19.januar -
- Telenorkarusell i lysløypa - Fristil/skøyting – 02.februar – deltakarar 34 personar.
- Telenorkarusell i lysløypa – klassisk – 16.februar. – deltakarar 33 personar.
- Telenorkarusell i lysløypa – fristil- 9.mars. – deltakarar 20 personar.
- Klubbmesterskap på Østerbø-stølen 3.april. – deltakarar 10 personar.

Plan for vinteren 2023:

Gjennomføre planlagte renn, men vere fleksible i forhold til veret. Endre tidspunkt framfor å avlyse.

Takk til alle som har delteke på renn, nytta løypene og vist god løypekultur.



Figur 1 - Den eldre garde som deltok på klubbmesterskapet i Stordalen


Matre 12.02.2023.

Helga Nyhavn Matre

Årsmelding Fjelltrimmen 2022



Bilete tatt frå Svadfjellet mot Stordalen



Nonkletten

Fjelltrimmen 2022 var aktiv frå 1. april til 1. november.

Talet på registreringar i 2022 var 1876. (2021: 3726 registreringar 2020: 3388 registreringar). Ein nedgang samanlikna med dei siste to åra og dette kan nok tenkast har samanheng med pandemien. Det var 29 postar som var dei same postane som 2021.

Dei som har klart t-skjorte kravet i 2022 er totalt 22 personar, 14 damer (2021:24 damer, 2020:20 damer), 5 menn (2021:8 menn, 2020:16 menn) og 3 gutar. (2021:10 gutar, 2020: 17 gutar). I år var det ingen jenter som hadde over 30 poeng.(2021:12 jenter, 2020: 15 jenter).

Totalt 4 personar har gått heile runden, alle postane, og 1 person har gått 2 rundar. (7 personar i 2021, 21 personar i 2020).

Det har i 2022 vore utført merking av tur løypene.

Representantar frå fjelltrimgruppa har vore med som vegvisarar i Indrefjorden på onsdagsturane i regi av Nordhordland turlag.

Fjelltrimgruppa 2022 har bestått av: Beate I. Matre, Ivar Helge Matre, Bente K. Håvåg, Bjørn-Åge Vågseth og Asle Sletten.

Haugsvær 12.02.2023, Bente K. Håvåg, leiar i Fjelltrimgruppa

Årsmelding frå Friidrettsgruppa



Friidrettsgruppa har i 2022 bestått av:

Ståle Daae

Emma Julie Dyrhovden

Grete Urdal

Aivaras Verkauslas

1.mai var det endeleg klart for Matre Rundt igjen. Solskin og fin temperatur møtte dei 49 spreke deltakararane som stilte til start.

Vidare hadde friidrettsgruppa nokre friidrettstreningar for ungdomane. Dette vart dessverre ikkje nokon suksess.

I august tok friidrettsgruppa opp att motbakkeløpet Øvredalen Opp. 34 deltakar tok seg opp på tippen i Øvredalen. Me fekk ny løyperekord og ny ungdomsrekord i løpet. Tilbakemeldingane var positive og me tek opp att tråden i august i år.

Samstundes byrja arbeidet med å få på plass ei ny idrettsbu. Den gamle har stått der sidan 1959 talet og er ikkje egna for oppgradering. Dette arbeidet førte til at me i januar kunne senda søknad om spelemidlar til prosjektet.

21 september var det klart for utandøys klubbmeisterskap. 20 deltakarar stilte opp. Aldersspennet var frå 2 til 72 år.

23 november hadde me innandørs klubbmeisterskap. Dessverre førte ma. vegstenging og kolonnekøyring til at kun 3 deltakarar stilte i konkurransen. Uansett var det solid innsats av disse tre.

Torsdag 29.desember var det klart for romjulsløpet. Det var eit ufyseleg vær men 7 deltakarar trassa værgudane og gjennomførte løpet.

Ståle Daae, Leiar friidrettsgruppa

Årsmelding Stordalen skisenter- sesongen 2022.



Skisentergruppa:

Liv Ø. Trædal – dagleg leiar

Jan Olav Fosse - driftsleiar

Janis Rudzitis – medlem

Gunnar Trædal – medlem

Svein Kvamsdal – medlem

Preparering av bakken: Frode, Gunnar , Jan Olav og på slutten av sesongen Svein Bjørn .

Corona-restriksjonane var no heldigvis oppheva og me var tilbake til tilnærma normale tilstandar. Å halda avstand i køar, i bakken og toalettkøen heldt me fortsatt på. Men utleige og kiosksal som på eit normalt år.

I vintersesongen 2022 hadde me 30 opningsdagar. Opningshelga var 12. -13.februar. Ok med snø. Bra med folk i bakken.

Alt frå oppstart fekk me trøbbel med skitauet i barnetrekket. Dette vart seinare reparert og svært mykje brukt.

Trakkemaskinene hadde me også ein del trøbbel med i starten. Kaldt ver og dårlege batteri er ingen god kombinasjon.

Etterkvart gjekk det meste seg til. Veret veksla mykje gjennom sesongen, men me klarte å halda oppe til påska var over.

Største utfordringa denne sesongen var vakter som ikkje møtte. Dette førte til meirarbeid og heile 24 vakter i trekket for Liv Øydis. Ikkje rart at ho då berre tok attval for 1 år!

Om lag 2500 utøvarar på ski i bakken.

.

Sum driftsinntekter i 2022 viste 484.845 ,- mot 346.505 året før

Driftsresultat viste 205.822 i 2021 mot 219.600 året før.

På slutten av året 2022 hadde skisentergruppa fleire styremøte med tanke på komande sesong. Høge straumprisar og dryge dieselprisar kunne setja ein stoppar for vidare drift. Med lovnad om støtte frå kommunen valde me å satsa på nok ein sesong.

Sesongen 2022 måtte skisentergruppa i tillegg til Svein Bjørn Dyrhovden og Jonas Kvamsdal stå for all dugnad og service i skisenteret. Me takkar oss sjølve for ein vel gjennomført sesong. Sjølv sagt skal alle frivillige vakter også ha ein stor takk. 😊

Furebotten 23.2.23

Liv Ø. Trædal

Årsmelding for Treningsrommet

Fjoråret vart det første sidan 2019 utan stengningar og restriksjonar på treningsrommet på grunn av covid. Men framleis er det viktig å desifisera utstyr ein har brukt.

Etter ein roleg sommar, tok bruken seg opp utover hausten, og har jamt over vore flittig besøkt av brukarar i alle aldrar. Det er framleis utfordringar med rydding og reinhald. Ofte ligg der smuss på golvet etter brus og energidrikk. Også matsmular, sand etter utesko og støv. Mykje utstyr vert liggande utover, i stadenfor å bli rydda på plass. Sjølv om ungdomsskuleelevar vaskar innimellom i skuletida, er ikkje dette nok til å halda rommet tilfredsstillande reint og ryddig. Grappa vil vurdere om det vert naudsynt med stenging i periodar for nedvask på dugnad.

Etter to år utan at det vart krevd inn treningsavgift grunna pandemien, var det var i fjor 21 brikker det vart betalt for. Prisane er som før kr. 500 for medlemmer av idrettslaget, kr. 600 for ikkje-medlemmar og familiar og kr. 30 for enkeltbesøk. Det vil bli vurdert ein auke i årskontingenten for ikkje-medlemmar i løpet av året.

Utstyr som vart kjøpt inn i fjor var ny curl-stang, etter den gamle som blei stolen. Ny benk til benkpressen står for tur. Ny veggklokke er kjøpt inn februar -23. Ribbeveggen som har lagt umontert der i lengre tid, er blitt seld til skulen

Frode Andersen

Leiar Treningsromgruppa

